

Uskedaling fekk beinbrot i Nåso

10.07.2012

Ei kvinne i 40-årsalderen frå Uskedalen var søndag uheldig under ein familietur i Ulvanåso. På Låganåso glei ho og braut av begge beina i den eine leggen.

Helikopter vart tilkalla straks og var på plass berre 20 minutter etter at det tok av frå Bergen. Kvinna vart overført til ambulanse på Sunde og transportert til sjukehuset i Haugesund,

Mannen er full av ros over den raske redningsoperasjonen og også dei to døtrene til paret gjorde ein fin innsats i samband med ulukka. Kvinna vart operert men må gjennomgå ein ny operasjon.